

Forvaltningsplan for hjortevilt



Årdal kommune



Lærdal kommune



Aurland kommune

Føreord

I tråd med *Viltlova* og *Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever* er det sett føringar om at kommunane skal utarbeide målsetningar for hjorteviltforvaltninga.

Administrasjonen har, i tråd med politisk vedtak, utarbeidd felles forvaltningsplan for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland. Godkjend plan skal legga føringar og vera eit styringsdokument for hjorteviltforvaltninga i dei tre kommunane.

Planen har lege på høyring og innspel er innarbeida i plandokumentet.

Forvaltningsplanen vert rullert kvart 4.år, eller ved behov. Planen gjeld til ny vert godkjend og gjeld for heile arealet i dei tre kommunane.

Felles forvaltningsplan for hjortevilt er godkjend i kommunestyre:

Årdal: 14.april 2011 – KS-031/11

Lærdal: 7.april 2011 – KS-013/11

Aurland: 5.mai 2011 - KS-035/11



Årdal kommune



Lærdal kommune



Aurland kommune

Foto framsida: Rådyr i Austre Smedalen 2009 i Lærdal kommune. Foto: Anders Maristuen

Innhald

Føreord.....	1
Innleiing	3
1.1 Lover og forskrifter.....	3
2. Status 2.1 Historikk og utvikling i hjorteviltbestandane	3
2.2 Vald	9
2.3 Teljande areal for kommunane Årdal, Lærdal og Aurland for fastsetting av jaktvald.....	9
2.4 Minsteareal for tildeling av jaktløyve	10
3. Mål	11
3.1 Kvifor treng me forvaltningsplan for hjortevilt	11
3.2 Bestandsplanar	11
3.3 Sett hjort skjema	11
4. Tiltak og prioriteringar 4.1 Målretta avskyting og avskytingsmodell	12
4.2 Merke- og utviklingsprosjekt- ”Hordahjort”.....	14
4.3 Vårteljing av hjort.....	15
4.4 Hjorteutval	16
4.5 Utvida jakt	16
4.6 Jaktoppsyn	17
4.7 Vektgrenser for hjort.....	17
4.8 Innlevering av kjevar og kjønnsorgan.....	17
4.9 Rapportering av fellingsdata	17
4.10 Retningslinjer for bruk av viltfondet.....	18
4.11 Fellingsavgift	19
4.12 Fôring av hjort	19
4.13 Ettersøkslag og avtalar.....	19
4.14 Informasjonsarbeid	20
4.15 Samarbeid	20

Innleiing

Felles forvaltningsplan for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland skal vere eit verktøy for kommunane si overordna hjorteviltforvaltning. Det er behov for ein forvaltningsplan for hjortevilt som kan lette og effektivisere forvaltninga. Med hjortevilt meiner ein i denne samanheng hjort, elg og rådyr.

Lærdal kommune sin ”Forvaltningsplan for hjort, elg og rådyr i Lærdal for jaktår 2008-2011”, vedteke i kommunestyret i Lærdal 05.06.08, vert erstatta av felles forvaltningsplan for hjortevilt Årdal, Lærdal og Aurland.

Kommunane Årdal, Lærdal og Aurland har som mål å ha ein bestand av hjortevilt som er tilpassa den naturlege næringstilgangen, som er i god kondisjon, tilfører grunneigarar og jaktrettshavarar utbytte og glede av hjortestamma og som fører til minimal skade på jord, skog og andre samfunnsinteresser. Denne forvaltningsplanen vil vere eit verktøy for å nå desse måla.

1.1 Lover og forskrifter

Viltlova sin formålsparagraf set ramme for all viltforvaltning i Noreg. For å tilpasse lokal viltforvaltning til nye utfordringar og mål, vedtok Stortinget endringar i viltlova 30. juni 2000. Dei nye utfordringane er særlig knytt opp til fleksibilitet, effektivitet og lokal forankring. Lovendringane betyr lovfesta overføring av ansvar og verkemidlar til kommunane, spesielt forvaltninga av hjortevilt. Kommunane har overteke ansvar og mynde frå fylkesmannen, og jaktrettshavarane har fått høve til å ta større ansvar for det praktiske forvaltningsarbeidet. Dei statlege reguleringane er ikkje så detaljerte som tidlegare og jaktrettshavarar sin rettstryggleik er styrka.


Fylkesmannen si rolle er å vere instans for rettstryggleik. Klagehandsaming av kommunale vedtak sikrar lik og korrekt handsaming og avgjerd i viltforvaltninga. Frå 01.01.2010 har Fylkeskommunen ansvar som rettleiar og overordna planmyndigheit.

2. Status

2.1 Historikk og utvikling i hjorteviltbestandane


Hjortestamma auka utover 1970 og 1980 talet, både i utbreiing og tal individ. Område som berre sporadisk hadde hjortedyr har no meir eller mindre godt etablerte bestandar, og i mange kommunar er det fleire artar, til dømes både elg, hjort og rådyr. På Vestlandet har hjortestamma hatt ei sterk auke dei siste åra. Det kan skuldast mellom anna varmare klima, auka mattilgang, låg fellingsprosent på hjort og andre ukjende faktorar.

I Sogn og Fjordane har hjortejakt lange tradisjonar. Statistisk sentralbyrå har avskytingsstatistikk heilt tilbake til 1892 (figur 1) frå heile landet. Ein kan sjå frå figuren at det er fyrst på 1960-talet at det er ein merkbar auke i tal felt hjort i fylket, og sterk auke fram til 2009, med 10 548 felt hjort i 2007, 11 280 i 2008 og 11 601 i 2009.




Figur 1. Tal felt hjort i Sogn og Fjordane 1892-2009. Kjelde: SSB.

2.1.1. Årdal




Figur 2. Tal felte hjort og tildelt hjorteløyve av begge kjønn og alle aldrar frå 2000-2009 i Årdal kommune. Kjelde: SSB og Hjorteviltregisteret.

Tal fellingsløyve og felte hjort i Årdal kommune har vore stabilt aukande (figur 2). Årdal har hatt utvida jakttid frå 2008. I 2008 vart det tildelt 147 hjorteløyve og felt 99 hjort, og i 2009 vart det tildelt 151 hjort og felt 94 (figur 2). Fellingsprosenten har vore svakt aukande med tildelte dyr frå 1986-2009. I 2009 var fellingsprosenten på 62%, og 76% i 2010.




Figur 3. Prosentvis avskyting av hjort i Årdal kommune i 2009. Kjelde: SSB og Hjorteviltregisteret.

2.1.2 Lærdal




Figur 4. Tal felte og tildelt hjorteløyve frå 2000- 2009 i Lærdal kommune. Kjelde: SSB og Hjorteviltregisteret.

Som ein kan sjå av figur 4, er det jamn auke i felt hjort og tildelt fellingsløyve i Lærdal kommune. Dei siste åra, frå 2005-2008, har det vore stor sprik mellom tildelte løyve og felte dyr i Lærdal trass utvida jakttid (10.09-23.12) frå 2008. I 2008 vart det tildelt 583 hjorteløyve og felt 320 hjort. I 2009 vart det tildelt 592 hjorteløyve og felt 340 hjort, med en fellingsprosent på 57% i 2009. Felleingsprosent i 2010 var 64%.




Figur 5. Prosentvis avskyting av hjort i Lærdal kommune i 2009. Kjelde: SSB og Hjorteviltregisteret.

2.1.3 Aurland



Figur 6. Felte hjort og tildelt hjorteløyve frå 2000-2009 i Aurland kommune. Kjelde: SSB og Hjorteviltregisteret.

I Aurland kommune er det ein jamn auke i tildelt fellingsløyve og felt hjort frå 2000-2009 (figur 6). Aurland kommune hadde også utvida jakttid frå 2008. I 2008 vart det tildelt 215 hjorteløyve og felt 163 hjort, og i 2009 vart det tildelt 265 hjorteløyve og felt 149 hjort (figur 6). Fellingsprosenten har vore svakt aukande med tildelte dyr 2000-2009. I 2009 er det ein fellingsprosent på 54%, noko lågare enn dei føregåande åra. Felleinsprosent i 2010 var 70%.




Figur 7. Prosentvis avskyting av hjort i Aurland kommune i 2009. Kjelde: SSB og Hjorteviltregisteret.

Generelt for kommunane Årdal, Lærdal og Aurland kan ein sei at avskyting og fellingsprosent aukar, som på resten av Vestlandet. Det er eit høgt uttak av vaksne produksjonsdyr i kommunane Årdal, Lærdal og Aurland (figur 3,5 og 7). Det kan vere uheldig for hjortestamma å skyta produksjonsdyr i staden for produksjonsoverskotet (kalvar og ungdyr), og det kan vera med på å utvikle ei ustabil hjortestamme. I Aurland og Årdal er det eit høgt uttak av hanndyr (figur 3 og 7), noko som kan føre til seinare brunst, seinare kalving og lågare vekt i hjortebestanden. Høgt uttak av hanndyr kan også skuldast netto innvandring av hanndyr frå andre kommunar. I Årdal, Lærdal og Aurland er det også eit høgt uttak av vaksne koller, noko som kan senke tal av produksjonsdyr i hjortestamma over tid. Det bør vera eit mål for kommunane å ha ein fellingsprosent over 70%.

2.1.4. Elg og rådyr


Tal felt elg i Årdal og Lærdal er sterkt redusert i frå midten av 1990 talet fram til i dag (figur 8). I Aurland har det vore lite jakt på elg, og elgstamma er liten i denne kommunen. Det er observert ein del elg i Utladalen i Årdal kommune dei siste 3 åra.



Figur 8. Tal elg skote i kommunane Årdal, Lærdal og Aurland 1986-2009.

Rådyr finn ein lite av i dei tre kommunane. Det er ei stamme i øvre del av Borgund i Lærdal kommune, som det er hausta lite av (figur 9).

Årdal kommune har ei lita rådyrstamme som har auka dei siste åra. Rådyra er spreidd over heile kommunen og er å sjå i små grupper. Det kan vurderast å opne jakt på rådyr i Årdal kommune etter kvart.



Figur 9. Tal skote rådyr i Lærdal 2005- 2009.

2.2 Vald

Valdstrukturen i dei tre kommunane er noko ulik, både når det gjeld tal vald og storleik på valda. Godkjenning og endring av vald, skal fylgje gjeldande reglar og delegasjonsreglement.

2.2.1 Årdal

22 hjortevald, med varierende storleik, på til saman 219 350 daa

7 elgvald på til saman 157 950 daa

Det vert arbeidd med etablering av storvald med målsetting om å redusera tal vald i framtida. Årdal har i dag ingen godkjende storvald med bestandsplan.

2.2.2 Lærdal

47 hjortevald, med varierende storleik, på til saman 383 582 daa

8 elgvald på til saman 170 200 daa

2 rådyrvald på til saman 21 200 daa

Det vert arbeidd med etablering av storvald med målsetting om å redusera tal vald i framtida. Lærdal kommune har i dag 4 godkjende storvald for hjort/elg med bestandsplan.

2.2.3 Aurland

68 hjortevald, med varierende storleik, på til saman 301 057 daa

9 elgvald på til saman 128 963 daa

Det vert arbeidd med etablering av storvald med målsetting om å redusera tal vald i framtida. Aurland kommune har i dag ingen godkjende storvald med bestandsplan.

2.3 Teljande areal for kommunane Årdal, Lærdal og Aurland for fastsetting av jaktvald

Teljande areal er innmark og utmark som er naturleg leveområde for gjeldande viltart i tillegg til ferskvatn under 50 daa.

Teljande areal skal for dei tre kommunane vere fylgjande:

Årdal: opp til 900 moh

Lærdal: opp til 1100 moh

Aurland: opp til 1000 moh

2.4 Minsteareal for tildeling av jaktløyve

Minsteareal for tildeling av jaktløyve i dei tre kommunane, skal fastsettast i forskrift, *jmf §5 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever*.

Fylgjande minsteareal for vald gjeld i dei tre kommunane:

Årdal – jmf forskrift om minsteareal for hjort og elg vedteken i Årdal kommunesetyre 17.mars 2011, sak KS-23/11

Hjort:

Vald i Utladalen (valdområde 4): 1500 daa

Vald i Vikadalen (valdområde 6): 1000 daa

Resten av kommunen (valdområde 1, 2, 3 og 5): 1200 daa

Elg: 10.000 daa

Ved godkjenning av storvald må ein vurdere minsteareal for tildeling av elgløyve. Slik at det ikkje vert gjeve fleire fellingsløyve, enn det er grunnlag for å ta ut av elgbestanden i område.

Lærdal – jmf forskrift om minsteareal for hjort, elg og rådyr vedteken i Lærdal kommunestyre 7.april 2011 sak KS-014/11

Hjort:

Frå og med Husum og vestover: 600 daa

Aust for Husum: 800 daa

Elg: 8.000 daa

Ved godkjenning av storvald må ein vurdere minsteareal for tildeling av elgløyve. Slik at det ikkje vert gjeve fleire fellingsløyve, enn det er grunnlag for å ta ut av elgbestanden i område.

Rådyr: 10.000 daa. Jakt på rådyr gjeld berre aust for Husum.

Minstearealet for rådyr er auka frå 5.000 daa til 10.000 daa.

Aurland – jmf forskrift om jakt etter elg og hjort, Aurland kommune, av 27.05.2002

Hjort: 1.000 daa

Elg: 10.000 daa

Generelt

Kommunen kan ved tildeling av fellingsløyve fråvike minstearealet for jakt på elg, hjort og rådyr med inn til 50%, *jmf §6 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever*. Kommunane legg opp til å nytta denne regelen aktivt regionvis.

3. Mål

3.1 Kvifor treng me forvaltningsplan for hjortevilt

Årdal, Lærdal og Aurland har som mål å ha ein bestand av hjortevilt som er tilpassa den naturlege næringstilgangen, har god kondisjon og skal føra til minimal skade på jord, skog og andre samfunnsinteresser. Hjorteviltbestanden skal vere til nytte og glede for grunneigarar, jegerar og ålmenta.

For å nå desse måla treng me ein strategi og plan som skal rettleia administrasjon og politikarar til å ta rett avgjerd i hjorteviltforvaltninga. Ein lokal forvaltningsplan gjev retningsliner for kva slags arbeid kommunane skal prioritera i sitt arbeid med hjorteviltforvaltninga.

3.2 Storvald med bestandsplanar

Bestandsplan er ein plan på korleis ein ynskjer å forvalte hjortestamma i storvald. Både bestandsplanen og valdet skal godkjennast politisk i den gjeldande kommune. Ein bestandsplan skal vera gjeldande for eit så stort område/areal, at det inkluderar ein hjortestamme sitt leveområde, og bør ha eit areal på minimum 15 000 daa. Bestandsplan skal innehalde mål for bestandsutvikling og plan for den årlege avskytinga i tal, fordelt på alder og kjønn, og skal vara minimum 3 år eller maksimum 5 år. Bestandsplanen må ta omsyn til gjeldande nasjonale målsettingar for å bli godkjent av kommunen. Når bestandsplanen for storvaldet er godkjent, skal kommunen gje eit samla fellingsløyve for heile planperioden. Det vert gjeve fellingsløyve på valfrie dyr.

Kommunane har mynde til å godkjenne fleirårige bestandsplanar og skal stimulere og legge til rette for at jaktrettshavarane driv bestandsplanlegging. Slik kan grunneigarane/jaktrettshavarane sjølv forvalte sin eigen hjorteviltstamme, og dra nytte av dei mange fordelane av å samarbeide med fleire grunneigarar i eit storvald. Hjorteviltforvaltninga i Årdal, Lærdal og Aurland ynskjer å leggja til rette for fleire storvald i kommunane.

3.3 Sett hjort skjema

Sett hjort/elg -registreringa er eit viktig hjelpemiddel i kommunal hjorteviltforvaltning. Denne registreringa gjev informasjon om auke eller nedgang pr kjønn og alder i ein bestand. Skjema har vore utfyllt sidan 2007. *Sett hjort* vert brukt til å rekne ut forholdstal for utviklinga i ein hjortebestand. Forholdstala vert kalla indeksar eller parameter. Indeks for *sett hjort* er omtrent dei same som for *sett elg*. Frå *sett hjort* skjema kan ein få informasjon som til dømes sett hjort pr jegerdag, sett kolle pr bukk, sett kalv pr kolle og sett spissbukk pr bukk. For at slik informasjon skal vere mest mogleg rett, krev det registreringar over fleire år med påfylgjande innlegging i Hjorteviltregisteret (www.hjortevilt.no). Denne databasen er tilgjengeleg for alle, og vert mykje brukt i kommunal hjorteviltforvaltning.

Kommunane ynskjer at alle jegerar i kvart vald skal fylle ut *sett hjort/elg* skjema og levere inn til kommunen. *Sett hjort/elg* skjema skal sendast ut frå kommunen før jakta startar, og ligg på kommunen si heimeside.

4. Tiltak og prioriteringar

4.1 Målretta avskyting og avskytingsmodell

I handlingsplanen til "Forskrift om forvaltning om hjortevilt og bever" får kommunane eit auka ansvar for dei offentlige verdiane knytt til hjorteviltet, som til dømes opplevingsverdiar, biologisk mangfald, trafikkproblem og skadar/ulempar forårsaka av hjortevilt. Kommunen har difor også eit ansvar med å regulere storleiken på bestandane av hjortevilt, og kommunen kan pålegge målretta avskyting til hjortevald som ikkje har bestandsplan ved å fordele fellingskvota på eit bestemt tal definerte kjønns- og aldersgrupper (jmf. forskrifta §15). Det vil vere nødvendig for kvar enkelt kommune å ha ein plan for regulering av bestanden, og bruke ein avskytingsmodell som reiskap. Ein kan på den måten regulere ved å auke, senke eller stabilisere hjorteviltbestanden. For at målretta avskytingsmodell skal ha best innverknad på hjorteviltbestanden, må fellingsprosenten vera høg. Kommunane Årdal, Lærdal eller Aurland har ikkje 100% felling, og det er difor noko usikkert kva effekt denne metoden får.

Kva avskytingsmodell kommunen vel er alt etter kva målsetningar kvar enkelt kommune har med hjorteviltbestanden. Avskytingsmodellen, kan og bør, endrast i kvar kommune etterkvart som ein får eit inntrykk av korleis hjorteviltstamma utviklar seg.

Endringar i målretta avskyting og avskytingsmodellar vert gjort i tråd med gjeldande lover og forskrifter. Etter delegasjonsreglement i dag, er det administrasjonen i kommunen som har mynde til å ta slik avgjerd.

Ved tildeling av fellingsløyve der det kun blir tildelt ett løyve, gjenteke over fleire år, skal tildeling av alder og kjønn rullere. Til døme over ein 5 års periode vil ein grunneigar med eit løyve få tildelt 1 kalv, 2 koller (1 ½ år og eldre) 2 bukkar (1 ½ år og eldre) med følgjande avskytingmodell: kalv 20%, kolle (1 ½ år og eldre) 40% og bukk (1 ½ år og eldre) 40%.

4.1.1 Årdal

Kommunen har få data frå vårteljingar, og har lite "sett hjort/elg" informasjon i dag.

Meldingar frå grunneigarar seier at kommunen har ein svakt aukande hjortebestand, men at bestanden ikkje er for høg i høve til den biologiske bæreevna.

Kommunen skal ha følgjande avskytingsmodell for **hjort**:

Kalv: 20%

Kolle 1 ½ år og eldre: 40%

Bukk 1 ½ år og eldre: 40%

Kommunen skal ha følgjande avskytingsmodell for **elg**:

Kalv: 30%

Vaksne hodyr (1 ½ år og eldre): 35%

Vaksne hanndyr (1 ½ år og eldre): 35%

Det er ikkje jakt på **rådyr** i Årdal kommune.

4.1.2 Lærdal

Kommunen har data frå vårteljingar frå 1996-2009 som viser ein svak nedgang i bestanden. Desse opplysningane er noko usikre og er ikkje faglege vurdert. Kommunen har lite ”sett hjort/elg ”-informasjon i dag. Kommunen har i dag ikkje god nok bakgrunnsinformasjon om hjortebestanden til å kunne velje ein modell som aukar eller senkar bestanden, og skal då ha ein slik stabiliserande avskytingsmodell for **hjort**:

Kalv: 40%

Kolle 1 ½ år og eldre: 30%

Bukk 1 ½ år og eldre: 30%

Kommunen skal ha følgjande avskytingsmodell for **elg**:

Kalv: 30%

Vaksne hodyr (1 ½ år og eldre): 35%

Vaksne hanndyr (1 ½ år og eldre): 35%

Det vert gjeve frie dyr for jakt på **rådyr** i Lærdal kommune.

4.1.3 Aurland

Kommunen har i dag ikkje data frå vårteljingar, og har lite ”sett hjort/elg ” informasjon. Kommunen skal ha følgjande avskytingsmodell for **hjort**:

Kalv: 25%

Kolle 1 ½ år og eldre: 35%

Bukk 1 ½ år og eldre: 40%

Elgstamma i Aurland er liten, og etter anbefaling frå hjorteutvalet i Aurland, ynskjer ikkje kommunen å styrkja elgstammen. Fellingsløyve på **elg** vert gjeve til frie dyr.

Det er ikkje jakt på **rådyr** i Aurland kommune.

4.1.4 Årdal, Lærdal og Aurland sin avskytingsmodell for hjort

Igjennom informasjon ut til grunneigarar og jegerar ønskjer kommunane Årdal, Lærdal og Aurland å oppmode til felling av **unge koller og spissbukk på ca 1 ½ -3 år ved felling av vaksne dyr**. Reduksjon av vaksne koller på 3 år og eldre vil redusere bestanden over tid. Dette er pr dags dato ikkje ønskjeleg i nokon av kommunane.



Bilde 1. Bukk frå Frønningen, fotografert av viltkamera august 2009.

4.2 Merke- og utviklingsprosjekt- ”Hordahjort”

I takt med auka hjortebestand har me fått auka kunnskap om hjorten på ulike områder, men samtidig er det framleis mange uløyste spørsmål. Dagens bestandstettheit av hjort og krav om meir presis forvaltning har skapt nye kunnskapsbehov, spesielt på lokalt nivå. Det er eit behov for auka kunnskap om hjorten sitt trekk og arealbruk, og integrering av slik kunnskap i forvaltninga på både lokalt og regionalt plan. Det skal ligge til grunn i hjorteviltforvaltninga at ein skal ha ei bestandsretta forvaltning, dvs. at ein skal forsøke å forvalte ein ”avgrensa” bestand som ein heilskap. Dette skal som hovudregel skje i ei forvaltning basert på planar som er utarbeida lokalt, og som legg til grunn både kunnskap om hjorten sin biologi, levesett og lokale tilhøve og premisser. Det faktum at naturforhold og levetilstand er under endring, aktualiserer auka kunnskap om hjorten sin arealbruk.

I 2009 vart kommunane Årdal, Lærdal og Aurland med på merke- og utviklingsprosjektet ”Hordahjort”. Dette prosjektet starta i 2008, og går fram til 2012. Prosjektet er initiert og drive av offentleg forvaltning og grunneigarar i regionen, og kostnadsberekna til kr. 12 725 000. Av dette er eigenbetaling for deltakar kommunar kr. 7 000 000, årlig betaling tilsvarende kr. 190 pr felte dyr etter fellingstala frå 2006. Kommunane Årdal, Lærdal og Aurland har løyvt midlar frå viltfondet til deltaking i prosjektet. Totalt blir kostnad for prosjektet i Aurland

kommune på kr 71 820 kr (23 940 i 3 år). I Lærdal kommune blir totalt kr 154 470 kr (51 490 i 3 år). I Årdal kommune blir kostnadane totalt kr 43 320 (14 440 i 3 år). Prosjektområda omfattar kommunar i deler av Sogn og Fjordane samt heile Hordaland fylke, til saman 42 kommunar. Det er ei inndeling av regionen i 4 soner, som utgangspunkt for prosjektorganisering og gjennomføring. Årdal, Lærdal og Aurland er i sone 3. Bioforsk Økologisk er fagleg ansvarleg.



Bilde 2. Merking av bukk i Aurland kommune, vinter 2010. Foto- Hordahjort.

Hovudmål i prosjektet:

1. Samordna forvaltninga i tenelege hjorteviltregionar
2. Samle og anvende kunnskap om trekkmonster, vandring og arealbruk
3. Samle og anvende relevant bestandsinformasjon
4. Styrke grunnlaget for næringsutvikling

4.3 Vårteljing av hjort

Data frå teljing av hjorteviltbestand kan brukast til å synleggjera svingingar i populasjonen. I Lærdal har Lærdal Jeger- og Fiskarlag drive med vårteljing i fleire år. I Årdal har det ikkje vore rutine på vårteljing, og i Aurland kommune er det ikkje vårteljingsdata. Vårteljing som metode bør gjennomførast ved bruk av same personar som tel dyr på same geografiske område over tid. Dette gjev fordelar knytt til at registreringane blir gjort likt frå år til år, noko som er ei viktig føresetnad for kvaliteten på innsamla material. For at denne registreringa skal bli best og mest rett, er kommunane avhengig av samarbeid med jegermiljøet i kommunane.

Årdal, Lærdal og Aurland kommunar oppmodar grunneigarar, jaktrettshavarar, hjorteutval og andre interesserte til å halda fram med vårteljing av hjort. Kommunane skal føra statistikk over teljeresultat.

4.4 Hjorteutval

Kommunane vil leggja til rette for å ha velfungerande hjorteutval. Årdal har i fleire år hatt eit fungerande utval. Lærdal har nyleg valt nytt interimstyre i hjorteutvalet. Aurland har også nyleg oppretta eit hjorteutval og har valt interimstyre. Det er grunneigarar/jaktrettshavarar som er medlemar i utvala. Styret i desse tre hjorteutvala skal vera rådgjevar og samarbeidspartnar i kommunen si hjorteviltforvaltning. Kommunen og styret i utvala vil ha møter etter behov.

Grunnerigarane blir oppmoda om å betale kontingent til drift av hjorteutvala. Hjorteutvalet treng ei fast inntekt kvart år til mellom anna arrangering av ulike møte, administrasjon av utvala og til leige av ekstern kompetanse.

Hjorteutvalet i Årdal, Lærdal og Aurland skal mellom anna delta i vurdering av kva avskytingsmodell som skal nyttast i målretta avskyting før tildeling av fellingsløyve og vurdering av minsteareal, i tillegg til andre spørsmål og utfordringar knytt til hjorteviltforvaltninga.

4.5 Utvida jakt

Sogn og Fjordane fylkeskommune har bestemt at det er utvida hjortejakt for fleire kommunar i fylket. For Årdal, Lærdal og Aurland har hjortejakta vore forlenga fram til 23.desember frå 2008 til og med 2011.

Etter gjeldande lovverk er ordinær jakttid i Årdal, Lærdal og Aurland:

Elg: 10.september-15.november

Hjort: 10.september-15.november

Rådyr:

Vaksen rådyr bukk: 10.august-23.desember

Rådyr: 25.september-23.desember



Bilde 3. Felt bukk i Vindedalen i Lærdal hausten 2009. Foto- Kjell Espeland.

4.6 Jaktoppsyn

Kommunane oppfordrar grunneigarar og hjorteutvala til å leggja opp til at det vert jaktoppsyn under hjorteviltjakta kvart år, og vil leggje til rette for at slikt arbeid kan utførast i samarbeid med politiet. Kommunen har ikkje heimel til å utføre jaktoppsyn på private eigedommar.

4.7 Vektgrenser for hjort

Kommunen kan vurderar å tildele nytt kalveløyve utan å betale fellingsavgift, når det vert felt kalv som veg under 20 kg i slaktevekt. Kalven skal førast på fellingsrapporten som normalt. Hensikta med tiltaket er å ta ut dyr i bestanden som har dårleg kondisjon og mindre moglegheit for å overleve vinteren.

Ei mogleg årsak til låg vekt er sein fødsel, som kan vera ein konsekvens av sein paring, og at unge bukkar får pare koller. Eit tiltak for å unngå at slike dyr får formeira seg vidare er auka jakttrykk på kalv og dyr med dårleg kondisjon, og auka jakttrykket på unge dyr som 1 ½ år bukkar og koller.

4.8 Innlevering av kjevar og kjønnsorgan

Kommunane vurderar å analysere kjevar og kjønnsorgan frå dyr som er skotne under jakta. For å løyse dette i praksis, vert det inngått eit samarbeid med hjorteutvala for å få til ei fast ordning. Kommunane kan med dette få ei oversikt over alder og fruktbarheit på felt hjort.

4.9 Rapportering av fellingsdata

Tal felt hjortevilt skal i medhald av *Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever*, rapporterast til kommunen seinast 10 dagar etter siste jaktdato. Kommunen oppmodar også til innlevering av *sett hjort/elg* skjema til same dato. Kommunane har ansvar for at opplysningane vert lagt inn i hjorteviltregisteret.

4.10 Retningslinjer for bruk av viltfondet

I forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort av 23.05.2001 nr 520, heiter det i formålsparagrafen;

Formålet med kommunale viltfond er å skape økonomisk bakgrunn for å fremme viltforvaltninga i kommunen.

Kommunar der det er adgang til jakt etter elg og/eller hjort skal etablere eit kommunalt viltfond. Øvrige kommunar kan etablere et slikt viltfond i samsvar med reglane i denne forskrifta.

Kommunane Årdal, Lærdal og Aurland har vedteke slike likelydande lokale retningsline for bruk av viltfondet:

1. Inntekt til viltfondet i kommune kjem frå:
Fellingsavgift
Tilskot frå Fylkesmannen
Sal av viltkjøt (fallvilt) via ettersøksringane
2. Viltforvaltninga i kommune kan nytta midlane i viltfondet til:
Ettersøk av fallvilt i kommunen, ved trafikkpåkørsel og kommunale søk etter skadeskotne dyr
Leige av ekstern kompetanse til informasjon om viltforvaltning
3. Etter søknad, som skal politisk handsamast etter gjeldande delegasjonsreglement, jmf likevel pkt 4, kan midlar frå fondet i kommune nyttast til fylgjande:
Bestandsplanlegging og oppretting av storvald
Driftsstøtte til storvald
Driftsstøtte til hjorteutvala
Tilskot til oppsetting av hjortegjerde med inn til 20% av godkjent kostnadsoverslag.
Prosjekt eller undersøkingar som bidreg til auka kunnskap og forvaltning av vilt
Jegeropplæring
4. Etter søknad får Felles landbrukskontor ÅLA fullmakt til å løyve inn til kr 5 000 frå fondet, til tiltak som er i tråd med punkt 3 i denne retningsline.

Vedtak i kommunestyra:

Årdal kommunestyre: sak KS-22/11, 17.mars 2011

Lærdal kommunestyre: sak KS-015/11, 7.april 2011

Aurland kommunestyre: sak KS-034/11, 5.mai 2011

Viltfondet har fylgjande saldo pr 01.01.2011:

Årdal (21020026): Kr 202.339

Lærdal (2512010): Kr 117.985

Aurland (25120461): Kr 35.977

4.11 Fellingsavgift

For hjort og elg skal kommunen krevje inn fellingsavgift i samsvar med *Viltlova § 40*. Godkjente bestandsplanområdar får redusert fellingsavgift med kr 20 pr. felt hjort/elg. Fellingsavgifta for Årdal, Lærdal og Aurland er sett til:

Hjort:

Vaksen: kr 330 pr. dyr

Kalv: kr 200 pr. dyr

Elg:

Vaksen: kr 440 pr. dyr

Kalv: kr 255 pr. dyr

Endring av satsane skal fylgje gjeldande lover og forskrifter og må politisk handsamst i kvar enkelt kommune.

4.12 Fôring av hjort

Landbruksforvaltninga har ved fleire høve, og av ulike aktørar, fått klage på at det føregår fôring av hjort i Lærdal. Fleire er urolege for kva konsekvensar dette har på hjortestamma, med mellom anna mange dyr samla på små område. Det er observert hjort i dårlig kondisjon, med låg vekt og sein utvikling. Som fylgje av lett tilgang på fôr, kan hjorten endra vandringsmønster og problem med påkøyring av hjort aukar.

Det er ikkje tradisjon med fôring av hjort i Årdal og Aurland.

I *Viltlova §46* heiter det at: *”Vilt må ikkje jagast eller lokkast bort frå andres jaktområde. Fôring av vilt kan likevel skje som eit ledd i eit planmessig viltstell”*. Det betyr at fôring som skjer på ein eigna måte, er tillete. Fôring av hjort innafor jakttida må sjåast som lokking og er ikkje tillete.

Viltforvaltninga i kommunane ynskjer oversikt over kven og kvar hjort vert fôra. Det vert oppfordra om å melde inn til kommunen.

4.13 Ettersøkslag og avtalar

Kommunane Lærdal og Årdal har avtale med Årdal Jeger og Fiskerforening (AJFF) sin Ettersøksring til handtering av fallvilt og ettersøk av trafikkskadd vilt. AJFF sin Ettersøksring har i tillegg mange avtalar med jegerar i både Lærdal og Årdal for ettersøk av skadd vilt under jakt. Aurland kommune har avtale med Aurland Ettersøksring for handtering av fallvilt og trafikkskadd vilt, og mange jegerar i Aurland har avtale med denne ettersøksringen. Ettersøksringane fungerer svært bra.

I rundskrivet "Utøving av jakt, felling og fangst", (tilhøyrande "Forskrift om utøving av jakt, felling og fangst") §23, Krav om godkjent ettersøkshund, står det:

"Under jakt på elg, hjort og rådyr skal jaktlag og personar som jaktar aleine ha tilgang til godkjent ettersøkshund. Fører og hund skal ha bestått praktisk prøve i henhold til "Instruks om prøving og godkjenning av ettersøkshund" fastsett av direktoratet". Vidare står det:

"Kommunen har myndigheit til å kontrollere at det er inngått avtale om ettersøkshund og kan krevje at jeger sender kopi av inngått ettersøksavtale". Det er jegeren sitt ansvar at han/ho har tilgang på godkjent ettersøkshund.

Det er eit krav for alle jegerar som driv hjorteviltjakt, at det skal ligga føre avtale med godkjend ettersøkshund. Avtalen skal medbringast under jakt.

4.14 Informasjonsarbeid

Kommunen ønskjer å samarbeida med grunneigarar og jaktrettshavarar om hjorteviltforvaltninga. Årlege informasjonsmøte med aktuelt fagstoff om hjorteviltforvaltninga og kunnskapsformidling mellom ulike aktørar vil være eit av satsingsområda. Kommunane vil sende ut informasjonsskriv og bruke kommunane sine heimesider aktivt for å informere.

4.15 Samarbeid

Skal ein få til ei god hjorteviltforvaltning og oppnå måla for planen, er det viktig å samarbeide med alle aktørar som har interesse og nytte av hjorteviltet.

Årdal Jeger- og Fiskerforening, Lærdal Jeger- og Fiskarlag og Aurland Jeger- og Fiskelag representerer jegerane i kommunen, og deira interesser. Jeger og fiskeforreningane har opplæring av nye jegerar med obligatoriske kurs. Kommunen er ansvarleg for å avvikle jegerprøve-eksamen. Foreiningane i Årdal, Lærdal og Aurland arrangerer mange ulike aktivitetar for jakt- og fiske interesserte i kommunen.

ÅJFF sin Ettersøksring og Aurland Ettersøksring er eit lag for godkjente ettersøksekvipasjar. Kommunane ynskjer å samarbeide med ettersøksringane om arbeidet dei har med rekruttering og opplæring av nye ettersøksekvipasjar og anna viktig arbeid ettersøksringane/ekvipasjane har.